

## **Fogn Grendalag.**

### **Referat frå «Oppfølgingsmøte» under plakaten «Prosjekt Livleg Engasjement» 16.februar 2014.**

Møtestad: Garasjeloftet på Runestad.

**Møtetid: Kl.19.00 – kl.21.30**

**Desse møtte:** Joar Sandanger, Kristoffer Bøe, Rasmus Bø, Øyvind Sandanger, Heidi Bø, Pål Grønås, Ottar Sandanger, Jon Olav Runestad, Håvard Østhus, Einar Egeland pluss styret i grendalaget medrekna vararepresentantar. Fleire inviterte frå næringslivet var forhindra frå å koma.

Underteikna innleia med ei lita oppsummereing frå forrige møte der Povl Nørgaard var møteleiar:

- Fogn er ein god plass å bu for barnefamiljar.
- Fogn har gode fritidsaktivitetar.
- Fogn har Norges beste 17.mai arrangement.
- Fogn har høg næringsaktivitet med meir enn 40 arbeidsplasser.
- Det kom fram kritikk til vilkåra for busetjing og næring. Dette gjeld tomtetilgang, mobildekning, samt infrastruktur til og frå øya.
- Får vi «behalda» noverande skulestruktur på øya?
- Elles var det oppfordring til eit organisert samarbeid med dei andre øyane i kommunen for å drøfta felles interesser, då særleg knytta opp mot samferdsel.
- Sist, men viktig: Korleis skapa optimisme og bulyst fram mot «400 pluss»??

Fogna politikarane var spesielt inviterte. Viktig at våre folkevalde får klare og direkte beskjedar.

Møtestrukturen var lagt opp slik at alle i innleiingsfasen fekk koma med sine innlegg i tråd med agendaen for møtet.

#### **Samferdsel/ny transportplan.**

Jon Olav orienterte om framdrifta av «Ny transportplan». Skal ein kunna realisera større prosjekter som bind saman øyane treng ein å utvida bompengeringen for Finnfast. Han oppfordra dei ulike grendalaga i kommunen som ikkje har fastlandssamband til å arbeida for felles sak.

«Grendalaga må samarbeida, då er me halve kommunen som øver trykk,» sa Mari Anne.

Håvard refererte til fylkesmann Magnhild Kleppa og ein plan for Dalane som krev mykje pengar. Det blei og referert til utbetring av vegnettet fram til den nye Sandsfjordbrua. Altså, stor konkurranse om midlar til samferdsel.

Ottar refererte til dei ulike partiprogramma og lovnader for satsing på samferdsel der.

For vekst og «400 pluss» er det ein føresetnad med god infrastruktur til og frå øyane som ikkje har fastlandssamband.

Terje Kjølvik refererte til at han brukar 3,5 timar i reise tur/retur Forus kvar dag.

Såleis var konklusjonen at Grendalaga må be om at kommunestyret går inn for utvida bompengering på eit generelt grunnlag for å finansiera ei samanbinding av øyane. Ein kan gjerne gå inn for lågare satsar som ikkje gjer det naudsynt å kjøpa el-bil for kunna til dømes pendla tur/retur Forus.

### **Hurtigbåt/pendlarbåt til Stavanger.**

Det blei referert til at det stadig blir færre passasjerar på hurtigbåtane mot Stavanger. Det fører til lågare inntekter for finansiering av desse rutene. Kva så når Strandlandet blir landfast i 2017?

Viktig at vi orienterer oss kring framdriftsplanane her.

### **«Drosjeteneste».**

Kristoffer, eldregeneralen, kunne fortelje at det om kort tid vil koma eit tilbod om drosje på Fogn og andre øyar. Opplegget er godkjent på høgaste hald. Dette gjeld ikkje for turar til dømes til Stavanger.

Kristoffer ville også framheva at vi har eit godt helsevesen i kommunen vår.

### **Jordbruk/gartnærninga.**

Rasmus, leiar i bondelaget, refererte til stoda i jordbruk- og gartnærninga. Det er snart berre to melkebønder att på øya. Elles viktig at ein klarer halda på tomatpakkeriet, og at ein klarer å halda på volumet i tomatnærninga. «Me må snakka kvarandre opp,» sa Rasmus.

### **Tomteilgjenge/bustadbygging.**

Eit stort fleirtal av forsamlinga snakka varmt for å etablera «husklyngjer». Det er viktig at ein marknadsfører ledige einskildtomter på øya. Skal folk få lyst til å busetja seg på Fogn, må dei vita om ledige og byggjeklare tomter. «Dette må koma med i kommuneplanen,» sa fleire.

### **Kultur/trivsel.**

Kulturgeneralen, Malvin, er optimist: «Me har ny skule, ny kyrkje, gode turstiar, gode kulturarrangement, aktivt idrettslag, ei levande kulturhistorie, pluss mykje anna.» Han framheva og det gode arbeidet rundt eldresenteret med Kristoffer og Anne Marie i spissen.

Snart vil det koma kart over turstiområda. Dette vil bli lagt ut på Fogn.org. Fogn.org blei og framheva som levande og oppdatert og som god omdømebyggjar for øya.

«Me må skapa optimisme for 400 pluss,» sa Heidi.

### **Skapa møteplasser.**

Joar slo eit slag for å skapa møteplasser for folk på Fogn. «Relasjonar skaper trivsel. Viktig at alle blir inkludert. Me må skapa begeistring hos kvarandre,» sa han.

### **Årsmøte.**

**Minner om at det blir invitert til Årsmøte i Grendalaget torsdag 10.april.**  
**Saker til årsmøtet må vere styret i hende seinast 10.mars 2014.**

For Grendalaget  
Jostein